



Bente Jorunn Aamodt, som ferierar i hytta si på Ytre Eik, undra seg på kva slags ufisk ho hadde fått i garnet i dag tidleg. Fangsten var blytung og nesten ikkje til å få opp og då den var oppe gjekk den raskt uti fjorden att. Dei halvmeterlange fiskane var ingen fristande middagsmat.

**Men kva slag fisk var det?
Ein nabo slo fast at Bente Jorunn hadde fått delar av ein stim av taggmakrell som også kallast hestemakrell.**



Vi les at det er ein beinfiskart som kan bli opptil 70 centimeter lang. Det er ein varmekjær stmfisk som held til grunnare enn 100 meter og som lever av plankton og fiskelarvar.

Men er den ein sjeldan gjest på våre kantar? Nei, den flakkar over det meste av Atlanterhavet og er relativt vanleg også i Nordsjøen. Langs kysten vår er den ein regulær gjest om sommaren og det heilt opp til Nord-Noreg. Men den er mest vanleg på Sørlandet.

Det er dreve kommersielt fiske på taggmakrellen i Nordsjøen sidan 1970 og i dei siste åra er det fiska 200 000 tonn årleg. Dei norske fangstane har variert mellom 8000 og 46 000 tonn.

Av Ola Matti Mathisen
Foto: Bente Jorunn Aamodt